

Blodutstryk

Indikasjoner

Diagnostikk og oppfølging av blodsjukdommar.

Vurdering av celler i blodutstryk når informasjon frå maskinell diff-teljning og resultat frå andre biokjemiske parametrar ikkje gir nok informasjon.

Prøvemateriale



Rør tilsett EDTA. Fyll røret til merka volum og bland godt (ikkje rist) like etter prøvetaking.

Blodutstryk bør lagast innan fire timar etter prøvetaking. Tilsendte utstryk bør fikserast før sending. Send også EDTA-blod, eventuelt utskrift av maskinell diff-teljning.

Blodutstryk blir farga med May-Grünwald - Giemsa fargemetode.

Tolkingar

FSS: blodutstryk skal vurderast av rekvirent. Rekvirenten kan eventuelt gjere avtale med hematolog om vurdering.

Tilsende blodutstryk: kliniske opplysningar om pasienten må leggest ved. Hemoglobin, MCV, TPK og LPK med diff må alltid utførast på same prøve.

Dersom maskinell diff-teljning er normal, blir mikroskopering i dei fleste tilfelle ikkje utført.

Ved mistanke om patologi i leukocyttrekka blir blodutstryk vurdert av hematolog.